



Kommunane i Vestland fylke

Saksbehandlar, innvalstelefon

## Forventningar til kommunal klima- og energiplanlegging

---

**Kommunal planlegging skal medverke til å redusere klimagassutslepp. Planlegging skal og føre til at lokalsamfunna er førebudd og tilpassa klimaendringane. Berekraftsmåla og omstilling til eit lågutsleppssamfunn skal vere hovudsporet for å løyse dei største nasjonale og globale utfordringane i vår tid.**

---

Nyleg lanserte FNs klimapanel (IPCC) ein ny hovudrapport om klimaendringane i verda. For å møte klima- og miljøutfordringane må samfunnet gjennom ei omstilling. Vi har kort tid på oss for å unngå dei verste konsekvensane av pågåande klimaendringar.

Dei 17 berekraftmåla til FN skal danne grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga, på veg mot lågutsleppssamfunnet. Berekraftsmåla set miljø, økonomi og sosial utvikling i samheng, og ein eigen handlingsplan inngår i stortingsmeldinga *Mål med mening* som er til handsaming i Stortinget. Kommunane må arbeide målretta for å bidra til omstillinga, mellom anna ved å integrere og forankre berekraftmåla i dei kommunale planane.

I dette forventningsbrevet har Statsforvaltaren samanfatta sentrale punkt i arbeidet med klimaomstillinga.

Datagrunnlag, verktøy, erfaringar og kompetanse knytt til klimaarbeidet er i rask utvikling. Miljødirektoratet sine digitale rettleiarar er mellom fleire som er sentrale for kommunane.

## Klimaleiing og politisk forankring er nødvendig

Skal kommunen utvikle klima- og energipolitikken i tråd med statlege forventningar, må ein plassere det overordna ansvaret tydeleg i den kommunale leiinga, både politisk og administrativt. Det må vere god kopling mellom klimamål nedfelt i planar, handlingsprogram og kommunal budsjettering og økonomistyring. Alle relevante sektorar må ta del i omstillinga.



## Statlege og regionale føringar

Følgjande nasjonale og regionale føringar er dei mest sentrale dokument for planlegginga:

- *Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2019 – 2023.*
- *Statlege planretningsliner (SPR) for klima- energi- og klimatilpassing.*
- *Meld. St. 40 - (2020-2021) Mål med mening.*
- *Utviklingsplan for Vestland 2020 – 2024 - Regional planstrategi.*

Kommunane må vektleggje samspelet mellom klimamål, arealbruk, naturmangfald og klimatilpassing. I vår rettleiing til kommunane samarbeider vi med Vestland fylkeskommune. Arbeidet med regional plan for klima er no starta opp, og vil bli eit viktig dokument.

### **FN sine berekraftsmål skal danne grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga**

Berekraftmåla til FN skal danne grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga. Innsatsen frå kommunane er avgjerande for at vi skal nå nasjonale mål.

Kommunen må arbeide med å gjere berekraftsmåla operative. Metodeutvikling og erfaringar knytte til operasjonalisering av berekraftsmåla er i rask utvikling, sameleis rettleiingsarbeidet på dette feltet. Eit viktig fyrste steg kan vere å starte med dei utvalde satsingsområda i kommunen.

### **Kommunen må sette ambisiøse klimamål**

Dei statlege planretningslinene seier at kommunen skal sette ambisiøse mål for utsleppsreduksjon. Dette gjeld på overordna og strategisk nivå. Alle kommunar bør i tillegg sette seg konkrete mål for utvalde sektorar.

Kommunen bør vurdere måltype ut frå kor langt ein har kome i klimaarbeidet, og ein må tilpasse måla til det aktuelle plannivået. Døme på måltype er reduksjonsmål, prosessmål, strategiske mål og aktivitetsmål.

I arbeidet med å utforme mål, kan kommunen oppleve moglege målkonfliktar. Det er viktig å identifisere desse, men samstundes må kommunen finne fram til mogleg synergieffekt mellom ulike mål. Dette kan kommunen nytte til å sikre samspel og interaksjon mellom sektorane.

### **Oppfølging i økonomiplan og anna planlegging**

Som del av klima- og energiplanen skal kommunen utarbeide handlingsprogram. Dette gjeld både om kommunen har eigen klimaplan, eller om klima er integreert i kommuneplanen.

Handlingsdelen skal vise ansvarsdeling for oppfølging av klima- og energiplanen i den kommunale organisasjonen. Rolla til andre offentlege forvaltningsorgan, private aktørar, næringsliv og organisasjonar og andre partar vil og vere viktige. Handlingsprogrammet må vise korleis samarbeidet mellom dei ulike aktørane skal organiserast.

Handlingsprogrammet må koplast opp mot kommunebudsjettet, og tiltak som utløyser utgifter må innarbeidast i økonomiplanen. Dette er nødvendig for å sikre oppfølging av oppgåvene i handlingsprogrammet.

Vi rår og kommunen til å arbeide med å utvikle klimabudsjett, slik nokre kommunar alt har starta med.



## **Klima må inn i arealplanlegginga**

Arealplanlegginga er heilt sentral i arbeidet med å nå nasjonale klimamål, der ivaretaking av viktige naturområde og artar heng tett saman med utsleppsmål og klimatilpassing. Gjennom arealforvaltninga skal kommunen sikre eit livskraftig og variert naturmiljø som tek vare på naturen sine økosystemtenester. Eit overordna mål for kommunen må vere å redusere omfanget av arealbruksendringar, både av omsyn til klima og naturmangfald.

Kommunen må arbeide for at karbonrike areal i minst mogleg grad vert omdisponert eller øydelagt. Ein må arbeide for å unngå nye inngrep i naturområde. Det er og viktig å hindre nedbygging av jordbruksareal, særleg dyrka jord. Kommunen må sikre eit framtidig utbyggingsmønster som står opp under dei nasjonale måla for klimavenlege samfunn og effektiv energibruk. Vidare skal kommunen vektleggje samanhangen mellom klima- og energiplanlegging og samordna bustad, areal- og transportplanlegging.

Arealdelen i kommuneplanen og relevante reguleringsplanar må byggje på nødvendig kunnskap om areala. Kommunen må vise konkret til kva kunnskapsgrunnlag som vert lagt til grunn for planlegginga, saman med føringar som ligg i lovverk, statlege planretningslinjer og regionale planar. Kommunen må syte for at særskilt viktige areal vert sette av til grønne arealføremål og omsynssoner i relevante område.

Nyttige verktøy i arbeidet er mellom anna kartlegging av økosystem og utarbeiding av arealrekneskap.

For å få til ei planstyrt utvikling som svarar ut klimautfordringane, bør kommunane utarbeide konkrete føresegnar til planar. Fordeling av utbygging mellom regionsenter, kommunesenter, lokalsenter og bygder vil ha innverknad på framtidige klimautslepp og samla energibruk.

Kommunen må utvikle rutinar som sikrar at verknad for klimamåla vert vurdert i relevante planar og dispensasjonar.

## **Kommunen kan påskynde energiomlegginga**

Kommunens rolle som samfunnsutviklar gjer at ein kan bidra i arbeid med energiomlegging. Døme kan vere at kommunen er pådrivar for energiutveksling mellom bedrifter eller arbeidet for å sikre fornybar energi til industri og andre partar.

## **Landbruket er viktig for nasjonale klimamål**

Innsatsen innafor landbruket er sentral for å nå klimamåla. I arbeidet med å redusere utslepp av klimagassar er det viktig både med tiltak mot avskoging og tiltak for auka opptak av CO<sub>2</sub>.

Kommunen må analysere og vurdere utfordringane innan skogbruket, mellom anna knytt til manglande forynging etter hogst. Kravet er at det skal leggjast til rette for gjenvekst av skog med tilnærma same volum og kvalitet. Kommunar bør ha fokus på omfanget av skogareal og varig bruk av trevirke som verkemidlane for å redusere utslepp.

Regjeringa har inngått avtale med organisasjonane i jordbruket om at det skal arbeidast for reduserte klimagassutslepp og auka opptak av karbon frå jordbruket. Det er føresett at produksjonen skal oppretthaldast. Kommunen bør leggje vekt på avtalen i sitt klimaarbeid.



## **Klimasmart næringsutvikling**

Kommunen har ei viktig rolle når det gjeld å motivere næringsaktørar til å ta i bruk klimasmart teknologi. Ulike offentlege instansar bør støtte næringsutvikling som satsar grønt, fornybart eller sirkulært i ulike fasar.

## **Klimatilpassinga er viktig på tvers av sektorar**

Innan alle fagområde, frå teknisk infrastruktur og handtering av overvatn, til landbruk, naturforvaltning, forureining, samfunnstryggleik og klimarelatert helse, må ein vurdere kva for innsatsområde som er relevante for sektoren. Leiargruppa i kommunen må vere pådrivar for å sikre og samordne slike prosessar.

## **Klimarisiko må inngå i plan for samfunnstryggleik og beredskap**

Kommunens heilskapleg analyse av risiko- og sårbarheit (ROS) skal leggast til grunn for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Ein må vurdere korleis endringar i klimaet kan påverke utfordringsbildet, særleg med tanke på auka fare for uønskte naturhendingar. Det gjeld òg evna til å unngå svikt i kritisk infrastruktur og korleis ein kan oppretthalde samfunnskritiske tenester under ulike typar påkjenningar.

Kommunen må vere førebudd på å handtere oftare og meir intense vêrhendingar. Som ein del av beredskapsførebuingane må kommunen ha eit system for å ta imot og følgje opp varsel om fare for flaum, skred og ekstremvær.

ROS-analysar gir eit nødvendig kunnskapsgrunnlag for planlegginga for å unngå risiko, sårbarheit og ulemper som følgje av at klimaet endrar seg. Det er viktig at det vert gjort tydeleg kva grunnlag analysane er baserte på. Planlegginga må ta utgangspunkt i klimaframskrivingar som legg til grunn høge utslepp.

## **Vel naturbaserte løysingar**

Kommunen skal velje naturbaserte løysingar som tiltak og strategi i arbeidet med klimatilpassing. Kartlegging av naturområde vil gi kommunen oversyn over areal som er viktige for å redusere negative verknader av klimaendringar.

Vi vil oppmode kommunane om å vurdere grenser for vernskog etter skogbrukslova. Dette er skog som kan vere særleg viktig for å hindre naturskadar frå ras og steinsprang. Det same gjeld skogområde mot fjellet og i utsette lier. Ved forskrift om vernskog kan det innførast ulike reglar, inkludert meldeplikt for hogst.

## **Klimatilpassing i jordbruket**

Klimaendringane påverkar jordbruksdrifta. Større fare for flaum og jorderosjon aukar faren for forureining av næringsstoff til vatn. Kommunen bør følgje opp gjennom rettleiing og aktiv bruk av verkemiddel for miljøtiltak i landbruket, mellom anna regelverk for lagring og spreining av husdyrgjødsel.



## Klimaendringar påverkar folkehelsa

Statsforvaltaren ber kommunane arbeide for å få fram samanhengen mellom klimaplanlegging og folkehelsearbeidet. Naturkatastrofar vil ofte ramme sårbare delar av befolkninga, som kan ha dårlegare tilgang til tenester og behandling for psykisk helse. Vi veit at dei sosiale skilnadene aukar. Forsking viser auka førekomst av posttraumatisk stresslidning, depresjon og angst i etterkant av naturkatastrofar som flaum, tørke, hetebølgjer og ekstremvêr.

Kommunane skal fremme samfunnstryggleik ved å førebyggje risiko for tap av liv, skade på helse, miljø og viktig infrastruktur, fremme helse og motverke sosiale helseforskjellar. Vidare skal kommunane legge til rette for god universell utforming, gode bumiljø og gode oppvekst- og levekår.

I dei nasjonale forventningane er det mål om at utbygging ikkje skal gjere oss meir sårbare for naturhendingar og klimaendringar. Vi skal hindre at oppvekstmiljøet til barn og unge vert dårlegare og at grønne område vert mindre tilgjengelege.

## Kva er status for kommunale klima- og energiplanar i Vestland fylke?

Gjennom ei spørjeundersøking i 2020 kartla Statsforvaltaren, i samarbeid med Vestland fylkeskommune, status på kommunal klima- og energiplanlegging i fylket. Resultata viser stor ulikskap mellom kommunane.

Undersøkinga og vår tolking av denne, viser følgjande:

- Dei fleste kommunane i fylket tek sikte på utarbeide ny eigen klimaplan. Nokre kommunar planlegg å integrere temaet i kommuneplanen.
- Kommunane etterspør konkret rettleiing på korleis ein skal iverksette FN sine berekraftsmål og forventningane på klima- og energifeltet inn i kommunale planar.
- Det er stort sprik i kommunale klimamål. Klimamåla er ofte ufullstendige og til dels utdaterte.
- Svært få kommunar har utvikla rapporteringsrutinar eller indikatorar for å måle i kva grad klimamåla vert følgt opp, til dømes knytt til utslepp av klimagassar. Kommunane melder om stort behov for rettleiing og hjelp til å utvikle verktøy for å utarbeide klimabudsjett og klimarekneskap.
- I arbeidet med nye planar må kommunane revidere og skjerpe målsettingane. Vidare må kommunane sikre at mål for klima- og energiarbeidet omfattar kommunen som geografisk område og samfunnsutviklar, og ikkje vert avgrensa til kommunen som verksemd, slik første generasjon klimaplanar i all hovudsak bar preg av.
- Auka kompetanse på klimabudsjettering vil vere nødvendig for kople temaet opp mot kommunen sin økonomiplan.
- Ein god del kommunar har mål for energieffektivisering i kommunale bygg. Det er behov for å utvikle kommunal klimaplanlegging og mellom anna sjå på kommunen si rolle som på samfunnsutviklar og pådrivar for energiomstilling.



- Temaet om sammenhengen mellom arealbruk og CO<sub>2</sub>-opptak har tidlegare ikkje vore uttrykt i statlege forventningar, men det står no som eit viktig punkt i dei statlege planretningslinene. Dette temaet er difor i liten grad med i tidlegare planar.
- Nesten alle kommunar ser i dag på klimatilpassing som ei viktig kommunal oppgåve, og klimaendringar er tema i dei kommunale ROS-planane. Det er likevel behov for å konkretisere temaet betre i kommuneplanane, både i samfunnsdel og arealdel.
- Kommunane har behov for rettleiing og nye verktøy. Dei treng å vidareutvikle eigen kompetanse for å sikre godt fagleg grunnlag i arbeidet med klimaomstillinga.

## Samandrag

Klimautfordringane vil krevje nødvendig omstilling i heile samfunnet vårt, der kommunane står i ei særstilling. Utviklinga vil påverke arbeidsmåtar, planar og prioriteringar i åra framover. Kommunal planlegging må leggjast opp på ein måte som viser viktige samspel mellom utsleppsreduksjonar, naturmangfald og klimatilpassing.

I dette brevet har Statsforvaltaren peika på følgjande:

- Klimaomstillinga krev klimaleiing og politisk forankring.
- FNs berekraftmål skal vere grunnlaget for planlegginga.
- Kommunane må sette ambisiøse mål i klima- og energiarbeidet.
- Handlingsprogrammet må koplast til kommunebudsjettet.
- Kommunane må utvikle klimarekneskap og klimabudsjett som verktøy.
- Arealforvaltinga er sentral for å nå klimamåla.
- Konkrete klimatiltak i jord- og skogbruk er viktige.
- God folkehelse heng saman med innsatsen på klimaområdet.
- Klimatilpassinga må omfatta alle relevante sektorar.

Vi ser fram til nærare dialog og utdjuing av dei tema som går fram av dette brevet. Vi oppmodar kommunane om å gi oss meldingar og innspel om sine erfaringar i planprosessane framover. Vi ønskjer òg innspel på tema og arbeidsmåtar vi bør ta i bruk på regionalt nivå for at vi saman skal kunne følgje opp nasjonale forventningar knytte til klima, energi og klimatilpassing.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
fungerande statsforvaltar

Kjell Kvingedal  
miljødirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



Kopi til:

Helsedirektoratet	Postboks 220 Skøyen	0213	OSLO
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	Postboks 2014	3103	TØNSBERG
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep	0032	OSLO
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
Klima- og miljødepartementet	Postboks 8013 Dep	0030	OSLO
Helse- og omsorgsdepartementet	Postboks 8011 Dep	0030	OSLO
Landbruks- og matdepartementet	Postboks 8007 Dep	0030	OSLO